

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Vest RHF

**DATO:** 21.08.2023  
**SAKSHANDSAMAR:** Thomas Homme Pettersen m. fleire  
**SAKA GJELD:** **Rapportering frå verksemda per juni og juli 2023**

**ARKIVSAK:** 2023/157  
**STYRESAK:** **078/23**

**STYREMØTE:** **06.09.2023**

---

### FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tek rapporteringa frå verksemda per 31. juli 2023 til etterretning.

# 1. Kva saka gjeld

Saka presenterer rapportering frå verksemda per 31. juli 2023.

## 2. Hovudpunkt og vurdering av handlingsalternativ

### Målekort

Målekort Helse Vest - juli		Nasjonale mål	Denne periode		Mål oppnåelse	Hittil i år		Mål oppnåelse
			Faktisk	Mål HV		Faktisk	Mål HV	
Kvalitet	Ventetid - somatikk	50	54	50		64	50	
	Ventetid - PHV	40	47	40		48	40	
	Ventetid - BUP	35	48	35		55	35	
	Ventetid - TSB	30	30	30		32	30	
Andel kontakter passert planlagt tid			15,2 %			13,9 %		
* Pakkeforløp kreft - andel behandlet innen standard forløpstid - alle behandlingsformer			63 %			65 %		
Korridorpasienter somatikk			1,2 %			1,4 %		
Aktivitet:				Tall i fjor	Endring mot fjoråret		Tall i fjor	Endring mot fjoråret
Somatikk	Døgnoophold		11 627	12 123	-4,1 %	94 898	93 620	1,4 %
	Dagophold		2 879	2 970	-3,1 %	37 552	37 455	0,3 %
	Poliklinikk		72 676	66 796	8,8 %	819 059	753 795	8,7 %
Psykiatri	Døgnoophold		732	737	-0,7 %	5 631	5 931	-5,1 %
	Dagophold		88	86	2,3 %	594	522	13,8 %
	Poliklinikk		17 837	18 035	-1,1 %	267 106	279 176	-4,3 %
TSB	Døgnoophold (ekskl. private)		145	99	46,5 %	1 001	817	22,5 %
	Dagophold		4	2	100,0 %	21	10	110,0 %
	Poliklinikk		5 051	5 125	-1,4 %	47 608	51 165	-7,0 %
Bemanning	Brutto månedverk		27 629	27 272	1,3 %	26 134	25 608	2,1 %
	Sykefravær	5,5 %	8,2 %	9,4 %		8,1 %	9,1 %	
Økonomi	Resultat		Regnskap -5 485	Budsjett 41 391	Avvik -46 876	Regnskap 53 603	Budsjett 361 222	Avvik -307 619

### Ventetider og fristbrot

Gjennomsnittleg ventetid for behandla pasientar for alle fagområda samla er på 53 dagar i juli, og er redusert med 11 dagar sidan månadene før. Pasientar som framleis stod på venteliste ved utgangen av månaden hadde ei gjennomsnittleg ventetid på 60 dagar i juni og 75 dagar i juli.

Dei somatiske fagområda hadde ei samla ventetid for behandla pasientar på om lag 54 dagar i juli, som er noko over den nasjonale målsettinga på 50 dagar, men som er sterkt redusert sidan tidlegare månadar.

Innan psykisk helsevern for vaksne (PHV) var ventetida i juli for behandla pasientar på 47 dagar. Målkravet om 40 dagar blei ikkje oppnådd, men det er ei reduksjon sidan månadene før. I Helse Bergen har ventetida for psykisk helsevern for vaksne gått ned med 12 dagar sidan

mai 2023. Helse Førde er framleis det einaste føretaket som har ei gjennomsnittleg ventetid på under 40 dagar.

Gjennomsnittleg ventetid innan psykisk helsevern for behandla pasientar for barn og unge (BUP) er også redusert og var på 52 dagar i juni og på 48 dagar i juli. Helse Bergen nådde som einaste helseføretak den nasjonale målsettinga på 35 dagar og hadde ei ventetid på 33 dagar. Helse Fonna har hatt ei kraftig reduksjon og hadde ei ventetid på 56 dagar i juli. I Helse Stavanger er ventetida framleis høg, men redusert dei siste månadane til 64 dagar.

Samla gjennomsnittleg ventetid innan tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB) er på 30 dagar i juli og i tråd med den nasjonale målsettinga. Helse Bergen og Helse Stavanger var så vidt over den nasjonale målsettinga med 33 og 32 dagar, medan Helse Fonna og Helse Førde hadde ei ventetid på 21 dagar i juli.

Prosentdel fristbrot for dei som har starta helsehjelp er redusert til 8,1 % i juli, medan prosentdel ventande med fristbrot har sett ein auke og var på 9,2 %. Andel fristbrot innan BUP har hatt ein nedgang gjennom dei siste månadane.

I samband med sommarferieavviklinga er det venta at ventetida for behandla pasientar går ned då det ofte er pasientar som det har hast å behandle som får tilbod om å starte behandling i juli, medan andre som kan vente må vente. Tala er mykje like dei som har vore tidlegare år, men det er venta at tala for ventetider behandla og fristbrot vil gå opp i august.

## **Kreftbehandling**

Helsedirektoratet har no publisert tal for pakkeforløp kreft til og med juni 2023 for første gang i 2023. Helse Vest baserer sine rapportar på desse tala. På grunn av personvern og endring i framstilling av resultata er det ikkje mogleg å synleggjere resultat pr forløp på HF-nivå slik det pleier å bli gjort. Det blir nå vurdert kva grunnlag Helse Vest skal bruke for framstilling av desse tala framover.

Det er krav om at 70% av kreftpasientar skal være meldt inn i pakkeforløp kreft. Her ser vi ei negativ utvikling i 2023 sjølv om vi for juni har eit resultat på 79% i regionen.

Det er også krav om at minst 70% av pasientane skal ha gjennomført pakkeforløpet innan normert tid. Hittil i år har 65% av pasientane i Helse Vest gjennomført pakkeforløpa på normert tid. For juni er resultatet 63%. Det har vore ei negativ utvikling i resultata i 2023, og Helse Fonna er det einaste føretak som samla når målet. Tilsvarande utvikling ser vi i dei andre regionane. Tabellen under viser resultata pr pakkeforløp hittil i år. P.g.a endringar som Helsedirektoratet har gjort i framstilling av data gir det ikkje meining å synleggjere tala pr månad. For mange forløp er tala så små at tala ikkje blir publisert av Helsedirektoratet

År Pakkeforløp	2022		2023	
	Indikator	Antall	Indikator	Antall
(A16) Prostatakraft	53 %	988	47 %	438
(A01) Brystkreft	72 %	902	61 %	452
(A12) Tykk- og endetarmskreft	70 %	819	58 %	462
(A38) Malignt melanom	82 %	720	85 %	338
(A26) Lungekreft	65 %	541	63 %	250
(A14) Blærekreft	91 %	369	86 %	162
(A15) Nyrekreft	65 %	183	68 %	98
(A02) Hode- halskreft	65 %	174	55 %	76
(A20) Livmorkreft	69 %	158	74 %	76
(A06) Lymfom	66 %	166	68 %	50
(A32) Kreft i spiserør og magesekk	82 %	114	74 %	58
(A07) Bukspyttkjertelkreft	78 %	112	82 %	45
(A21) Eggstokkreft	85 %	102	82 %	51
(A37) Skjoldbruskjertelkreft	37 %	68	57 %	30
(A04) Myelomatose	86 %	64		32
(A23) Hjernekreft	80 %	66	81 %	26
(A18) Testikkelkreft	67 %	58	46 %	26
(A22) Livmorhalskreft	55 %	47	50 %	16
(A30) Kreft hos barn	76 %	33		18
(A39) Nevroendokrine svulster	65 %	20		18
(A17) Peniskreft	77 %	22		14
(A36) Sarkom	61 %	23	46 %	13
(A40) Galleveiskreft	74 %	23		12
(A34) Primær leverkreft	67 %	21	62 %	13

2023 er f.o.m. januar 2023 t.o.m. juni 2023

Manglende tilgang til resultatene i helseføretaka i 2023 kan, mellom anna, ha påverka resultatene. Helse Vest vil følgje dette opp med føretaka for å vurdere kva for tiltak som må setjast i verk.

I figuren under er dei fem største forløpa (målt i tal pr forløp) synleggjort pr HF. Denne viser variasjon mellom føretaka og at fleire av dei store forløpa er langt frå å nå målet på 70%. Dessverre ser vi også dette for forløp som tidlegare har hatt stabil måloppnåing som til dømes tykk- og endetarmskreft (med unntak av Helse Bergen).


2023

HF Pakkeforløp	Helse Bergen HF		Helse Fonna HF		Helse Førde HF		Helse Stavanger HF	
	Indikator	Antall	Indikator	Antall	Indikator	Antall	Indikator	Antall
(A01) Brystkreft	52 %	223	77 %	79	75 %	28	61 %	122
(A12) Tykk- og endetarmskreft	44 %	160	77 %	75	65 %	49	57 %	127
(A16) Prostatakreft	45 %	219	42 %	19	35 %	60	51 %	122
(A26) Lungekreft	58 %	89	50 %	46	77 %	22	71 %	87
(A38) Malignt melanom	80 %	152		29		19	88 %	121

2023 er f.o.m. januar 2023 t.o.m. juni 2023

## Aktivitet

Samla er det ein auke i aktivitet for juni og juli. Figuren nedanfor viser utviklinga i tal sjukehusopphald og polikliniske konsultasjonar innan somatikk. Samla var aktivitetsnivået høgare i juli 2023 enn i same månad i 2019 og 2022.



## Somatikk

Både talet på døgnopphald og dagopphald var lågare per juli 2023, høvesvis 2,0 % og 0,4 %, enn på same tid i 2019. Medan det har vore 1,4 % fleire døgnopphald og 0,3 % fleire dagopphald per juli 2023 samanlikna med same tid i 2022.

Tal polikliniske konsultasjonar var høgare per juli 2023 enn på same tid i 2019 og 2022, høvesvis 16,6 % og 8,7 %. Den store auken i tal polikliniske konsultasjonar sidan 2019 kan delvis forklarast med at tal døgnopphald ikkje har auka sidan 2019. Det er ei ønska utvikling.

## Psykisk helsevern

Innan psykisk helsevern for vaksne var poliklinisk aktivitet per juli 2023 2,4 % lågare enn i 2019 og 0,5 % lågare enn i 2022.

Barn og unge med psykiske lidinger blir i all hovudsak behandla poliklinisk. Hittil per juli 2023 var den polikliniske aktiviteten 1,3 % høgare enn i 2019, og 10,5 % lågare enn på same tid i 2022.

### TSB

Per juli 2023 er den polikliniske aktiviteten innan TSB i føretaka 19,3 % lågare enn i 2019 og 7 % lågare enn i 2022. Den store endringa skuldast omlegging i kodepraksis for konsultasjonar.

Prioriteringsregelen blei ikkje oppnådd når ein samanliknar den polikliniske aktivitetsveksten innan psykisk helsevern og TSB mot aktivitetsveksten innan somatikk mellom første halvår 2022 og 2023. Det skuldast mellom anna mangel på legespesialistar og spesialistar i klinisk psykologi i desse sektorane.


### Sjukefråvær

#### Utvikling sjukefråværsprosent over tid


Samla sjukefråvær for føretaksgruppa Helse Vest var 8,16 % for juli 2023. I juli 2019 var samla sjukefråvær for føretaksgruppa Helse Vest 6,92 %. Samla sjukefråvær juli 2023 er 1,24 prosentpoeng høgare enn i juli 2019.

Sjukefråværet vil alltid i prosent vere høgare i ferieperioder, grunna færre moglege dagsverk. Totalt er det 2 632 fleire sjukefråværsdagar i juli 2023 samanlikna med juli 2019 samstundes som det er 17 869 mindre moglege dagsverk i juli 2023 samanlikna med juli 2019.

Både korttidsfråværet og langtidsfråværet i juli 2023 har auka samanlikna med juli 2019.



Trend for dei fire helseføretaka med pasientbehandling viser at gjennomsnittleg sjukefråværsprosent er 1,0 prosentpoeng høgare hittil i år per juli 2023 samanlikna med hittil i år juli 2019:



## HMS/kvalitet

Det er meldt 5 953 saker for HMS området hittil per juli 2023. Tal avslutta saker hittil per juli er 4 614. Ikkje alle saker som er meldt er endeleg kategorisert. Hittil per juli 2023 er 5 009 saker klassifisert "hendelsestype" HMS.

Av dei 5 009 sakene som var kategorisert til HMS området, er 1 695 kategorisert psykososialt arbeidsmiljø. Dei fleste er fordelt slik: 236 truslar om vald, 150 truslar om drap, 168 slag og 153 anna vald og truslar mot tilsette.

Til samanlikning var det registrert 90 truslar om drap og 167 truslar om vald hittil per juli 2022.

Gjennom prosjektet Topp 5 risiko – vald og truslar mot medarbeidarar er det etablert eit nytt kunnskapsgrunnlag. Prosjektet har identifisert 14 tiltaksområder som kan bidra til å redusere vald og truslar mot medarbeidarar. Rapporten blei lagt fram for styret i Helse Vest i juni.

Hittil per juli 2023 var det klassifisert 13 150 pasientrelaterte hendingar. Dei fleste er fordelt mellom 2 761 diagnostikk/utgreiing, 2 486 behandling/pleie, 1 866 legemiddel og 1 313 blod, celler, vev og organ.

## Økonomi

Resultatet for føretaksgruppa for juni og juli er høvesvis eit resultat på pluss 234,8 mill. kroner og minus 5,5 mill. kroner, noko som gir eit budsjettavvik på pluss 116 mill. kroner og minus 46,9 mill. kroner. Akkumulert pr. juli er resultatet på 53,6 mill. kroner som er 307,6 mill. kroner dårlegare enn budsjett

Styret i Helse Vest behandla i møte den 14.06.2023 sak 058/23 Revidert nasjonalbudsjett. Helse Vest fekk i RNB tildelt om lag 479 mill. kroner i varig styrking av basisramma. Av dette blei 30 mill. kroner tildelt dei private ideelle. Dette er ei vidareføring av tildelinga frå nysalderinga rett før jul 2022 og er eit kjærkomen bidrag. Samtidig gjenstår det ei uløyst utfordring frå 2022 på om lag 173 mill. kroner som og vil være med i 2023 og dei kommande åra. Det blei også gitt kompensasjon for ekstraordinær løns- og prisvekst i 2023 kor deflatoren blei auka frå 3,8 til 5,1%. Basisramma blei auka med 273,6 mill. kroner. Dei øvrige inntekts- og budsjettpostane blei justert med auka deflator. I tillegg vart det gitt kompensasjon for auka arbeidsgivaravgift samt endring i basisramma som følgje av endra pensjonskostnad. Kompensasjonen for endringa av pensjonskostnaden er fordelt på regionane etter Magnussen-modellen, og i den samanheng blei det ein negativ fordelings effekt for Helse Vest på om lag 84 mill. kroner. Dette gir ei ytterlegare utfordring i budsjettet for 2023.

Det vart i same sak fatta vedtak om justering av resultatkravet basert på tildelingane som blei gitt i RNB. Nytt resultatkrav er då som følgjer:

Resultatkrav 2023	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Sjukehusapoteka vest	Helse Vest IKT	Helse Vest RHF	TOTAL
Opphavig	10 000	0	0	0	9 000	1 000	350 000	370 000
Nytt resultatkrav 2023	140 000	0	150 000	20 000	9 000	1 000	350 000	670 000

Helseføretaka har no innarbeida tildelingane som vart vedtatt i sak om RNB. Helse Bergen vil oppretthalde eit budsjett på null, jfr. kommentarane lenger nede i dette kapitlet. Budsjettert resultat for føretaksgruppa er då er 520 mill. kroner.

Resultatet for juni og juli, samt akkumulert er følgjer per føretak:

	Juni 2023			Juli 2023			Hittil i år		
	Faktisk	Budsjett	Budsjett avvik	Faktisk	Budsjett	Budsjett avvik	Faktisk	Budsjett	Budsjett avvik
Helse Stavanger	66 739	65 833	906	2 188	11 667	-9 479	-24 971	81 667	-106 638
Helse Fonna	12 092	0	12 092	-20 912	0	-20 912	-118 657	0	-118 657
Helse Bergen	17 923	0	17 923	-38 951	0	-38 951	-210 458	0	-210 458
Helse Førde	31 029	10 000	21 029	-3 552	1 667	-5 218	246	11 667	-11 421
Sjukehusapoteka VEST	3 498	3 845	-347	-14 814	1 874	-16 688	-11 563	5 953	-17 516
Helse Vest IKT	12 508	8 556	3 952	-1 824	624	-2 448	2 098	18 083	-15 985
Helse Vest Morselskap	91 029	30 552	60 477	72 380	25 559	46 821	416 908	243 852	173 056
<b>Til saman</b>	<b>234 818</b>	<b>118 786</b>	<b>116 032</b>	<b>-5 485</b>	<b>41 391</b>	<b>-46 875</b>	<b>53 603</b>	<b>361 222</b>	<b>-307 619</b>

Resultatet for juni isolert sett er i stor grad påverka av innarbeiding av tildelingane som er gitt i RNB. Ein må derfor sjå både juni og juli resultatet i samanheng for å få eit reelt bilde av den økonomiske situasjonen.



Helse Stavanger har som følge av tildelingane i RNB justert opp sitt resultatkrav frå 10 til 140 mill. kroner. Endringa er innarbeida frå og med juni måned. Hovudårsaka til det negative avviket til Helse Stavanger i juli måned er lågare pasientrelaterte inntekter på om lag 14 mill. kroner. Dei største avvika ligg på klinikk for kirurgi, nevrologi og rehabilitering, kvinne og barneklirikken samt mottaksklinikken. Det er og negative avvik på varekostnad medan lønskostnadane har eit positivt avvik i juli måned på om lag 8 mill. kroner. Dette heng saman med at lønsreserven på om lag 15 mill. kroner er flytta frå desember til juli for å dekkje delar av lønsoppgjøret som er utbetalt i juli. Det negative avviket på 106,6 mill. kroner pr. juli skuldast hovudsakeleg lågare aktivitetsbaserte inntekter og høgare lønskostnader. Det er positivt avvik på netto finanspostar.

Helse Stavanger har set i verk ei tiltakspakke med eit totalt estimert innsparing på 58,4 mill. kroner for 2023. Til no i år er effekten omlag 17, 7 mill. kroner, enkelte tiltak er ikkje oppdatert grunna ferie. Dei største tiltaka er blant anna:

- Redusere analyseberedskap tilknytt covid-19 til 1% på avdeling for medisinsk mikrobiologi
- Operasjonsflytprosjektet SOP
- Flytte akuttpoliklinikk inn i ordinær vaktplan - vil redusere akuttpol tillegget
- Redusere innleige frå vikarbyrå på radiologi
- Endra rutinar og ansvar for dagleg bemanningplanlegging på Intensivavdelinga pluss intensivstudentar på sommaren - bidra til å redusere vikarbyrå bruk og EFO

Helse Fonna har eit negativt avvik i juli på nærmare 21 mill. kroner. Hovudårsaka til dette er løns- og personalkostnad. Avviket er relatert til overtid/variable tillegg og vikarar med til saman 22,6 mill. kroner. I tillegg er det negativt avvik knytt til innleige frå vikarbyrå med om lag 7,5 mill. kroner. Elles er det eit positivt avvik på tilskot og andre driftsinntekter samt lågare kostnader til pasienttransport og andre driftskostnader. Det negative resultatavviket på 118,7 mill. kroner pr. juli skuldast hovudsakeleg løns- og personalkostnad der variable tillegg/overtid/vikarar utgjør 95,1 mill. kroner og innleige frå byrå 26,6 mill. kroner. Vidare er det eit negativt avvik på varekostnader og helsetenester med 35,9 mill. kroner der medikament, laboratorierekvisita samt andre medisinske forbruksvarer utgjør hovudårsaka. Elles er det negative avvik relatert til gjestepasientar samt kjøp av tenester frå andre aktørar, kjøp av utstyr, elkraft og andre utgifter. Det er og postar med positive avvik som pasienttransport, vedlikehald og biologiske legemidlar. Samtidig er det positive avvik både på pasientrelaterte inntekter, basisramma samt andre inntekter med total 44,3 mill. kroner. Netto finanspostar viser også et positivt avvik pr. juli.

Helse Fonna held fram med tiltak frå 2022 og tiltak i vedteke budsjett for 2023. Føretaket er i prosess med nye tiltak, der nokre er delvis iverksett/har hatt effekt. Desse vart drøfta med tilsvalsvalde og hovudverneombod 9.5. og styrehandsama 25.5. Det vil kunne kome endringar både i tiltak og forventa estimert beløp for 2023, som for samla tiltak no er om lag 109 mill.

kroner. Til no i år er beløpet 76,7 mill. kroner. Sjølv om tiltaka har målbar effekt td. redusert innleige, bortfall av covid, auka koding og reduserte finanskostndar har ein likevel store negative avvik. Hovudforklaringa er auke i andre kostnader, td. el-kraft og fjernvarme som har eit avvik på 14,7 mill. kroner, samt nedskrivning av anlegg i samband med riving/sanering av bygningsmasse som førebuing til byggetrinn 2 ved Haugesund sjukehus. Nedskrivninga utgjør kr 6,8 mill. kroner. Vi ser og ein auke i bruk av overtid og ekstravakter som kan henge saman med redusert bruk av innleige. Det er store avvik knytt til gjestepasientar.

Helse Bergen har eit negativt avvik i juli på 39 mill. kroner. Hovudårsaka til avviket relaterer seg til eit for høgt nivå på løns- og personalkostnader på vel 40 mill. kroner. I tillegg har det vore lågare pasientrelatert inntekt slik at samla driftsinntekter er 12,4 mill. kroner. Innan somatikk er aktiviteten lågare enn plan innanfor alle omsorgsnivå og dette gir eit negativt avvik på ISF inntekt. Det er og lågare inntekter relatert til poliklinikk og andre pasientrelaterte inntekter. Varekostnad og helsetenester har eit positivt avvik på 10,4 mill. kroner isolert for juli men negativt avvik hittil i år. Delar av midla frå RNB blei nytta til å styrke budsjettet innafor dette området. Det negative avviket pr. juli er på 210,5 mill. kroner og skuldast først om fremst eit høgt avvik på løns- og personalkostnad som utgjør 141 mill. kroner. Det har fram til no vore høgt sjukefråvær, som har ført til høgare kostnader til vikarar, meirarbeid og overtid. I dette avviket ligg det 21 mill. kroner som er relatert til forskning og eksternt finansierte tiltak som har ein tilsvarande inntektsside. Elles så er det eit negativt avvik knytt til varekostnader og helsetenester på om lag 36,7 mill. kroner. Vidare er det negativt avvik på pasienttransport på 15,4 mill. kroner og kostnader lokalar med 10,1 mill. kroner som hovudsakeleg skuldast energi. Netto finanspostar viser eit positivt avvik på 9 mill. kroner. Dei pasientrelaterte inntektene viser eit negativt avvik på 47,5 mill. kroner som skuldast eit lågare aktivitetsnivå enn planlagd. Elles er det fleire postar med både negative og positive avvik der fleire av dei med negative avvik er relatert til ekstern finansiering som har ein tilsvarande positivt avvik under andre inntekter.

Helse Bergen arbeider med tiltak og tilpassingar for å betre resultatet. Mellom anna blir det arbeidd med å auke operasjonskapasiteten og redusere tal strykingar. Tiltak frå kirurgisk kapasitet fase 1 (jfr. styresak 27/23 O) er sett i verk og aktiviteten er godt over nivået frå 2022. Ein del av tiltaka vil ikkje ha positiv verknad før frå andre halvår i år. Det blir også arbeidd vidare med tiltak innan pasientflyt og planlegging, oppgåvedeling, digitalisering, prioritering. Det blir også arbeidd med meir strukturelle tiltak som vil ha effekt på lengre sikt, som til dømes å vurdere sengepoststruktur både innan psykisk helsevern, rus og somatikk, gjennomgang av vaktordningar, gjennomgang av årsverksutvikling særleg innan stabsfunksjonar sentralt og lokalt.

Helse Førde har med basis i RNB justert opp sitt resultatkrav frå null til 20 mill. kroner. Resultatet i juli månad viser eit negativt avvik på 5,2 mill. kroner. Hovudårsaka til dette er lågare inntekter og i særskilt pasientrelaterte inntekter samt høgare løns- og personalkostnader

kor det er eit meirforbruk på innleige og vikarar. Samtidig er det positive avvik på andre driftskostnader og da i særskild energikostnader samt avsetningar. løns- og personalkostnad. Akkumulert pr. juli er det et resultat i balanse men eit negativt avvik mot budsjett på 11,4 mill. Kroner. Hovudårsaka til dette er lågare inntekter og i særskild grad pasientrelaterte inntekter. Samla løns- og personalkostnader viser eit avvik mot budsjett på 27 mill. Kroner. Det er og eit negativt avvik på 5,9 mill. kroner knytt til varekostnader der medikamentkostnader utgjør ein stor del av avviket. Samtidig er det positivt avvik på øvrige kostnader med 19,4 mill. Kroner som skuldast lågare energikostnader enn budsjettert samt avsetningar til øvrige kostnader. Vidare er det positivt avvik på netto finanspostar med 11 mill. kroner samt lågare avskrivningar med 2,3 mill. kroner

Helse Førde ha løpande oppfølging, både knytt til prosjekt og driftstiltak. Føretaket har fokus på tiltak for å handtere utfordringsbiletet, både på kort og lang sikt, og oppfølging av likviditet.

Sjukehusapoteka har eit resultat i juli måned på minus 14,8 mill. Kroner som er 16,7 mill. kroner dårlegare enn budsjett. Resultatet hittil i år er på minus 11,6 mill. Kroner som er 17,5 mill. Kroner dårlegare enn budsjett. Hovudårsaka til dette er nedskrivning av produksjonsstøttesystem med 15 mill. kroner.

Resultatet i RHF-et ligg pr. juli på 416,9 mill. kroner som er 173,1 mill. kroner betre enn budsjett. Den største enkeltposten som forklarar det positive avviket er netto finanspostar som aleine utgjør eit positivt avvik på om lag 81 mill. Kroner. Det er også positive avvik knytt til kjøp av helsetenester på fleire postar. Fleire budsjettpostar er fordelt flatt gjennom året, noko som inneber at det blir variasjon i avvika mellom enkelte månader. Den samla vurderinga er likevel at resultatet ligg godt an i forhold til budsjett og vil gjere det ut over året også.

Helseføretaka har ikkje formelt behandla sine resultatprognosar i styremøte enno. For å få ei overordna vurdering av forventna resultatutvikling framover har Helse Vest fått ei administrativ vurdering frå helseføretaka. Denne indikere følgjande resultat for året:

	Prognose	Budsjett
Helse Stavanger	100 000	140 000
Helse Fonna	-90 000	0
Helse Bergen	-200 000	0
Helse Førde	-30 000	20 000
Sjukehusapoteka VEST	9 000	9 000
Helse Vest IKT	-4 000	1 000
Helse Vest Morselskap	520 000	350 000
<b>Til saman</b>	<b>305 000</b>	<b>520 000</b>

Alle helseføretaka vurderer at forventat resultat for 2023 vil bli vesentleg lågare enn deira budsjett. Dette heng delvis saman med at dei økonomiske rammene i RNB ikkje løyse utfordringane fullt ut. Her kan nemnast manglande kompensasjon for løns- og prisvekst frå 2022 på om lag 173 mill. kroner, negativ effekt relatert til kompensasjon for pensjon på 84 mill. kroner samt ytterlegare prisvekst i 2023 som ein ikkje har full oversikt over enno. I tillegg har føretaka interne forhold som ikkje er løyst ennå, mellom anna tar det vesentleg lengre tid å tilpasse kostnadene, og i sær bemanninga, til en “normal” situasjon. Det er derfor viktig at helseføretaka følger opp allereie igangsette tiltak og vurderer behovet for ytterlegare tiltak.

### 3. Administrerande direktør si vurdering

Ventetidane for juli er prega av sommerferieavviklinga, men på nivå med tidlegare år. Det vil være viktig å følgje dette tett utover hausten.

Samla er det ein auke i aktiviteten for juni og juli samanlikna med same månad i 2019 og 2022. Aktivitet for somatikk er høgare enn same tid i 2022, medan aktiviteten for psykisk helsevern vaksne, psykisk helsevern barn og unge og TSB er aktiviteten lågare for juli 2023 enn juli 2022.

Resultatet pr. juli er vel 307 mill. kroner dårlegare enn budsjett. Hovudavvik ligg først og fremst på løn- og personalkostnader som innleige, overtid og vikarar. I tillegg er det lågare aktivitetsbaserte inntekter samanlikna med budsjett. Det er og negative avvik på til dømes varekostnader, kjøp av helsetenester og energi. Auken i den økonomiske ramma frå RNB var ikkje tilstrekkeleg til å kompensera for løns- og prisveksten i 2022. I tillegg er det utfordringar i interne forhold i helseføretaka, dette er det redegjort grundig for i saka.

Det er tett dialog mellom Helse Vest RHF og føretaka når det gjeld den økonomiske situasjonen. Alle helseføretaka har iverksett ei rekke tiltak, og det er administrerande direktørs oppfatning at det blir arbeidd godt og systematisk med desse.

Hausten 2023 vil den økonomiske situasjonen være tema i alle direktørmøta, slik at ein kan dele informasjon om tiltak og utfordringsbilete framover. Ein vil også forsterka merksemda mot kreftforløpa, som må betrast – og det vil være ei prioritert oppgåve å få til kompensierende rapportering slik at føretaka har verktøy til å arbeide systematisk også med dette.

Vedlegg:

1. Talgrunnlag og analysar